

## KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 31. mai 2017 kl. 09.00 – ca. 12.00  
Stad: Formannskapssalen, kommunehuset  
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar), Anne Kristin  
Tonning, Kåre Helge Østrem og Kåre Mestad  
Forfall:  
Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun (til sak 32/17, 33/17 og 34/17), assisterande  
rådmann Hogne Haugsdal (til sak 32/17 og 33/17), økonomisjef Janne Sund  
(til sak 31/17) og Kristin Moe (til sak 34/17)  
Frå revisjonen: Frode Løvlie (til sak 29/17 og 30/17)  
Sekretær: Bent Gunnar Næss

---

### 26/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

### 27/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

#### Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 19.04.17 er godkjent.

### 28/17 Skriv og meldingar:

- «Lindås kommune – budsjett og økonomiplan», Fylkesmannen i Hordaland
- Tilsynsrapport av Knarvik sjukeheim, Fylkesmannen i Hordaland
- Plan for selskapskontroll 2016 – 2020, Deloitte AS

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

### 29/17 Prosjektplan for selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga

Saksvedlegg: «Selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga – prosjektplan»,  
Deloitte AS

I sak 23/17 bestilte kontrollutvalet projektskisse av selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga. Prosjektplanen er klar for endeleg bestilling av kontrollutvalet.

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å belyse om kommunen utøver kontroll med kommunen sine eigarinteresser i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Dersom kontrollutvalet vel å bestille prosjektplanen i dag, vil oppstart av prosjektet vere i juni 2017 og rapporten klar for oversending til kontrollutvalet innan utgangen av desember 2017.



**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok å bestille ein selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga i Lindås kommune slik det låg føre med ei ramme på 208 timar.

**30/17 Prosjektplan for selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS**

Saksvedlegg: «Selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS»

I sak 23/17 bestilte kontrollutvalet prosjektskisse av selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS. Prosjektplanen er klar for endeleg bestilling av kontrollutvalet.

Føremålet med selskapskontrollen vil vere å sjå på Lindås kommune si eigarstyring av Knarvik Industri og Miljø AS. Selskapskontrollen vil vidare undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Dersom kontrollutvalet vel å bestille prosjektplanen i dag, vil oppstart av prosjektet vere i juni 2017 og rapporten klar for oversending til kontrollutvalet innan utgangen av desember 2017.

Revisor hadde ein gjennomgang av forslaget til gjennomføring av prosjektet. Tidlegare erfaring med den type gjennomgang av tilsvarande bedrifter gjer at ramma som er satt for tal timar kan vere for knapp. Denne rapporten må sjåast i samanheng med sak 29/17 – Selskapskontroll av Eigarskapskontroll.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok å bestille ein selskapskontroll av Knarvik Industri og miljø slik det låg føre med ei ramme på 270 timar.

**31/17 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn t. d.d. 2017**

Saksvedlegg: Økonomisk oversikt, kontrollutvalet i Lindås kommune

For å sikre god internkontroll, ønskjer kontrollutvalet å gjennomgå oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Økonomisjef Janne Sund møtte i saka for å gjennomgå rekneskapstala for kontroll og tilsyn. Netto forbruk så langt er 350.000, det er 48.000 mindre enn periodisert budsjett. Det er ikkje noko som tyder på at det vert noko overforbruk.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok saka til orientering.

**32/17 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Plan og bygg» (2014)**

Saksvedlegg: «Forvaltningsrevisjon plan og bygg» (2014), Deloitte AS



I 2014 ble det gjennomført forvaltningsrevisjon av plan og bygg. Føremålet med prosjektet var å undersøke korleis Lindås kommune har følgd opp dei utfordringane som blei avdekka i forvaltningsrevisjonsprosjektet om plan og bygg i Lindås kommune i 2009/2010. Det var også eit føremål med prosjektet å undersøke korleis søkjarar i byggesaker blir møtt av kommunen, korleis samhandlinga mellom ulike avdelingar i kommunen fungerer knytt til plan- og byggesakshandsaminga, og korleis politiske vedtak blir følgd opp. Kommunestyret slutta seg til revisjonen sine tilrådingar i sak 097/14, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun og assisterande rådmann Hogne Haugsdal møtte til saka for å orientere om korleis kommunen har følgd opp tilrådingane i rapporten og kommunestyret sitt vedtak. Kontrollutvalet fikk ein orientering om:

- Organisering av plan og byggesak – oppgåver og ressursar
- Utviklingsarbeid – endring i korleis ein jobbar og organisering, arbeidet med LEAN, kontinuerleg forbetring.
- Oppfølging av rapporten og dei tilrådingane som var i rapporten – vart lagt fram status for dei enkelte punkta

Kontrollutvalet stilte spørsmål som vart besvart i møte.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ser det som viktig at forvaltningsrevisjonsrapporten er følgd opp på ein systematisk måte og at kommunen prioriterer dette arbeidet framover.

**33/17 Orientering om interkommunalt byggetilsyn**

Det er signalisert at det er i gang eit samarbeid om interkommunalt byggetilsyn i Nordhordland.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun og assisterande rådmann Hogne Haugsdal møtte til saka for å orientere.

- Utarbeida eit forslag frå rådmannsgruppa som no er til politisk handsaming
- Lindås kommune skal vere vertskommune – 8 kommunar – 2- tilsette
- Det er planlagt oppstart 01.07.17

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok saka til orientering.

**34/17 Orientering om Fylkesmannen sitt tilsyn med Lindås kommune om skulen**

Saksvedlegg: «Tilsynsrapport – Forvaltningskompetanse - Ostereidet ungdomsskule», «Tilsynsrapport – Forvaltningskompetanse - Knarvik barneskule», «Tilsynsrapport – Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og Skulebasert vurdering - Ostereidet ungdomsskule», Fylkesmannen i Hordaland



Fylkesmannen i Hordaland har gjennomført tilsyn i Lindås kommune ved Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule. Tema var skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, skulebasert vurdering og forvaltningskompetanse. Tilsynet er delt opp i tre rapportar og fylkesmannen fann brot på opplæringslova. Frist for retting av brot på regelverka var 1. mars 2017.

Kristin Moe hadde ein grundig gjennomgang av tilsynet med omsyn til prosess og resultat. Ein av årsakene til avvik var at det var nytta gamle «maler», dette vart avdekka i tilsynet. Moe orienterte om at det også er gjort andre endringar i praksis, «maler», kurs og der er satt i gang enkelte utviklingstiltak for å rette opp avvik. Det vil vere ein oppfølging for å sikre at ønska forvaltningspraksis vert oppnådd.

Kontrollutvalet stilte spørsmål som vart besvart i møte.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for ei god orientering og at rapporten frå Fylkesmannen er følgt opp på ein grundig måte.

### **35/17 Innstilling til revisor for fellesnemnda**

Saksvedlegg: Førebuande fellesnemnd sak 020/17, «Kommunereform - sjekklister for revisor, kontrollutvalg og sekretariat», NKRF

Arbeidet i fellesnemnda skal på lik linje med anna kommunal verksemd reviderast. 22. juni vert det heldt eit §25 møte, eit felles møte mellom kommunestyra og fylkesmannen. Ei av sakene i dette møtet er val av revisor for arbeidet til fellesnemnda. Førebuande fellesnemnd i Lindås, Meland og Radøy har i sak 020/17 sendt førespurnad til kontrollutvala i desse kommunane om å komme med innstilling til revisor for fellesnemnda sitt arbeide.

Vedtaket lyder:

1. Førebuande fellesnemnd ber Kontrollutvala i dei tre kommunane om å innstilla til revisor for arbeidet til Fellesnemnda i tråd med inndelingslovens §25
2. Det bes om at innstillinga er klar i god tid før gjennomføring av §25-møtet med fylkesmannen.

I saksutgreiinga til førebuaende fellesnemnd er det peika på at det i vurderinga av val av revisor også skal vurderas omfanget av arbeidet til revisor. Kostnaden til revisjon av Fellesnemnda sitt arbeid vert finansiert frå eingongsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kommunar som slår seg saman får dekka eingongskostnadar etter ein standardisert modell, og beløpet ein bereknar for 3 kommunar med 20 – 49 999 innbyggjarar er 35 900 000 kr, jf. modell for dekning av eingongskostnadar i reformperioden (<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Hvorfor-kommunereform/Ovrige-tiltak/id759720/>). Dette beløpet skal i praksis dekke dei utgiftene fellesnemnda får dei neste åra fram til samanslåinga 01.01.2020. I samanlikning tilsvarar dette ca. 2,7% av driftsinntektene som Lindås kommune hadde i 2016, og tyder på at det vert eit relativt lite omfangsrikt



årsrekneskap å revidere. Det er signalisert at aktiviteten til fellesnemnda kan bli organisert som eit prosjekt med arkiv og rekneskapsførande ansvar hos ein av dei tre kommunane.

I «Kommunereform – sjekklister for revisor, kontrollutvalg og sekretariat» utarbeida av NKRF, står det følgjande: «Normalt føres fellesnemndas regnskap av en av de berørte kommunene. Den praktiske løsningen vil da være at regnskapsførende kommunes revisor også velges som revisor for fellesnemnda.»

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet innstiller med dette til revisor for fellesnemnda sitt arbeide: Kontrollutvalet har gjort ei heilheitleg vurdering av omfanget av det forventa arbeidet til revisor, slik det kjem fram i saksutgreiinga tilhørande saka.

Kontrollutvalet vil særleg peike på at denne innstillinga ikkje skal leggje føringar for seinare innstillingar som gjeldt revisorordning eller revisor for den nye kommunen.

Kontrollutvalet vil på dette grunnlaget innstille til at revisor for fellesnemnda sitt arbeide for tidsrommet 2017 – 2019 følgjer den praktiske løysinga NKRF har anbefalt, slik at det vert den rekneskapsførande kommunen sin revisor som vert vald som revisor for fellesnemnda.

**36/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

**37/17 Eventuelt**

Revisor orienterte om arbeidet med pågåande forvaltningsrevisjonsprosjekt «Informasjonstryggleik»


- Litt forsinka med arbeidet – tok litt lengre tid å få fram dokumentasjon
- Spørreundersøkinga er satt igong – førebels låg svarprosent – 1 av fire har svart

Kontrollutvalet ser det som viktig at svarprosenten vert auka. Revisjonen vil sette inn tiltak for å få auka svarprosenten.

Neste møte i kontrollutvalet er 6. september kl. 09.00

Knarvik, 31.05.2017

Peder Jøsendal, leiar *(sign)*

  
Bent Gunnar Næss, sekretær

## Øivind Olsnes

---

**Fra:** Bjorkelo, Birte (NO - Bergen) <bbjorkelo@DELOITTE.no>  
**Sendt:** onsdag 30. august 2017 11.36  
**Til:** Øivind Olsnes  
**Kopi:** Lovlie, Frode (NO - Bergen)  
**Emne:** Status

Hei

Sender her som avtalt ei statusmelding frå revisjonen knytt til pågående selskapskontrollar og forvaltningsrevisjon

Løypemelding for to selskapskontrollar (Eigarskapsforvaltning i Lindås kommune og selskapskontroll av Knarvik Industri og miljø AS)

- Vi har starta to selskapskontrollar rett før sommaren. Vi har sendt oppstartsbrev og bedt om å få kontaktperson i kommunen og i selskapet. Vi har fått kontaktperson i selskapet, men ventar på tilbakemelding frå kommunen,. Vi har sendt ei påminning om dette.

Løypemelding for forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Lindås kommune.

- Revisjonen har fått tilsendt det meste av datagrunnlaget, men ventar fortsatt på noko frå IKT Nordhordland.
- Revisjonen har også avslutta spørjeundersøkinga. Etter fleire påminningar og utsette fristar, blei svarprosenten i spørjeundersøkinga 43 %.
- Revisjonen har vidare gjennomførte alle planlagde intervju, men ventar fortsatt på eit verifisert referat som har vore utsett pga. sjukdom.
- Revisjonen har med andre ord det meste av datagrunnlaget på plass, og er i gang med å utarbeide rapporten. Revisjonen ser det som realistisk å kunne levere endeleg rapportutkast til kontrollutvalet innan medio november. Forseinkingane i prosjektet er kommunisert til kontrollutvalet i tidlegare løypemeldingar, og forklaringa er hovudsakeleg at kommunen var ein måned for sein med å levere dokumentasjon, samt at har tatt mykje ekstra tid å få på plass tilstrekkeleg svarprosent i spørjeundersøkinga.

Mvh

**Birte Bjørkelo**

Director | ERS

Deloitte

Damsgårdsveien 135, 5160 Bergen, Norway

Tel/Main: +47 55 21 81 00 | Mobile: +47 928 98 908

[bbjorkelo@deloitte.no](mailto:bbjorkelo@deloitte.no) | [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

**\*Disclaimer:\*** This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.



Lindås kommune  
Postmottak, Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## Melding om tilsyn med Nordhordland legevakt 29. november og 1. desember 2017

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med helse- og omsorg og sosiale tenester i fylket, jf. Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten §§ 2 og 3 og lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 12-3.

Vi har planlagt å føre tilsyn med Nordhordland legevakt 29. november og 1. desember 2017. Føremålet er å undersøke om Nordhordland legevakt har lagt til rette for og gir forsvarleg helsehjelp, evaluerer og arbeider kontinuerleg med å forbetre tenesta.

Lovverk som ligg til grunn

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten (helsetilsynslova)
- Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell mv.
- Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker
- Forskrift av 28. oktober 2016 nr. 1250 om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 20. mars 2015 nr. 231 om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulansetjenesten, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforordningen)
- Andre relevante forskrifter

### Opplysningar som vi ber om

- I samband med førebuing til og gjennomføring av tilsynet ber vi om at Nordhordland legevakt snarast råd og innan 1. oktober 2017 peiker ut ein kontaktperson for tilsynet.
- Innan 20. oktober ber vi om å få tilsendt følgjande opplysningar:
  1. Organisasjonskart for Nordhordland legevakt
  2. Stillingsomtalar eller andre dokument som viser kva ansvar og mynde som er lagt til leiar, medisinsk fagleg og administrativ leiar, leiar av legevaktsentral, andre tilsette og legar som deltek i vaktordning ved Nordhordland legevakt
  3. Oversikt over legar som deltek i vaktordning og kva spesialitet dei har
  4. Informasjon om bakvaktordning

5. Vaktplan november – desember 2017
6. Statistikk pasientar 1. januar - 1. juli 2017, fordelt på raud, gul og grøn hastegrad
7. Ventetidsregistrering 1. januar - 1. juli 2017
8. Opplæringsplan for legevakt, legar, turnuslegar og sjukepleiarar
9. Oversikt skriftlege rutinar og retningsliner for Nordhordland legevakt
10. Oversikt over smittevernrutinar
11. Oversikt over naudnettsprosedyrar
12. Oversikt over avviksmeldingar 1. januar - 1.september 2017
13. Informasjon om utstyr som er tilgjengeleg for lege ved utrykking (transport, klede, kommunikasjonsteknisk og utstyr for undersøking og behandling / stabilisering av pasient)
14. Øvingsplan 2017
15. Årsrapport 2016
16. Samarbeidsavtale med andre kommunar om legevakt
17. Andre opplysningar som er relevante for tilsynet, t.d. rapportar frå brukarundersøkingar, resultat frå leiinga sin gjennomgang, planar for vidareutvikling/ innføring av nytt utstyr og opplæring i denne samanheng

Ver venleg å sende opplysningane i e-post til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) med vårt saksnummer 2017/ 9652.

Vi vil i eige brev til kommunane tilknytt Nordhordland legevakt be om opplysningar om organisering av daglegevakt i kvar kommune.

### **Gjennomføring**

Tilsynet blir gjennomført som systemrevisjon. Det inneber gjennomgang av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Program for tilsynet blir sendt i veke 45. Tidspunkt for møte, intervju og andre aktivitetar vil gå fram av programmet. Frå vår side er det ønskjeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opningsmøtet 29. november og sluttmøtet 1. desember.

Vi ber om å få disponere eit møterom med plass til 15 personar for gjennomføring av opnings- og sluttmøtet. I møterommet treng vi tilgang til projektor. Til intervjuar ber vi om å få disponere eit rom med plass til 6 -7 personar.

Vi vil gjere stikkprøver i eit utval journalar og Amisnotat, og ber om å få disponere to pc-ar med eige brukarnamn og passord for tilgang til journalsystemet for medlemene i tilsynslaget. Personopplysningar som de treng for å opprette tilgangar blir gitt til kontaktperson for tilsynet.

Vi ber om å få lister over pasientar som er behandla for ulike tilstandar ved legevakt. Informasjon blir gitt til kommunens kontaktperson for tilsynet. Heimel for å gje oss tilgang til journalsystemet følgjer av helse- og omsorgstenestelova § 5 -9.

Ver venleg å informere leiarar og tilsette om tilsynet slik at dei kan leggje til rette og vere tilgjengelege dei dagane tilsynet vert gjennomført.

Tilsynet vert gjennomført av ass. fylkeslege Kristin Cotta Schönberg (leiar av tilsynet), rådgjevar Elin Seim, seniorrådgjevar Arne Erstad og seksjonsleiar Anne Grete Robøle.

Kontakt oss om de har spørsmål om tilsynet og den praktiske gjennomføringa.  
Kontaktpersonar er Kristin Cotta Schönberg, [fmhokcs@fylkesmannen.no](mailto:fmhokcs@fylkesmannen.no), tlf. 55 57 22 24 og Anne Grete Robøle, [fmhoagr@fylkesmannen.no](mailto:fmhoagr@fylkesmannen.no), tlf. 55 57 22 31.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Kristin Cotta Schönberg  
assisterande fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

|                    |                          |      |             |
|--------------------|--------------------------|------|-------------|
| Fedje kommune      | Adm.bygg                 | 5947 | Fedje       |
| Austrheim kommune  | Kommunehuset             | 5943 | Austrheim   |
| Modalen kommune    | Postboks 44              | 5729 | Modalen     |
| Masfjorden kommune | Austfjordvegen 2724      | 5981 | MASFJORDNES |
| Meland kommune     | Postboks 79              | 5906 | Frekhaug    |
| Radøy kommune      | Radøyvegen 1690          | 5936 | Manger      |
| Osterøy kommune    | Rådhuset                 | 5282 | Lonevåg     |
| Gulen kommune      | Kommunehuset i Eivindvik | 5966 | EIVINDVIK   |

## 1100 KONTROLL OG REVISJON

| Art                                    | Budsjett |         | Periodisert     |
|--|----------|---------|-----------------|
|  | Regnskap | 2017    | Budsjett pr aug |
|  | 414 353  | 950 000 | 630 975         |
|  | 414 353  | 950 000 | 630 975         |
| OG REVISJON                            | 414 353  | 950 000 | 630 975         |
| 10500 ANNA LØNN OG SKATTEPL. GODTGJ.   | 217      | 0       | 0               |
| 10800 LØNN FOLKEVALDE                  | 36 579   | 53 000  | 33 284          |
| 10801 MØTEGODTGJERSLE FOLKEVALDE       | 24 690   | 0       | 0               |
| 10900 PENSJONSINNSKOT                  | 0        | 10 000  | 6 667           |
| 10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT              | 8 670    | 8 000   | 5 024           |
| 11001 TIDSSKRIFTER, AVISER, ABONNEMENT | 800      | 2 000   | 1 333           |
| 11150 MATVARER, BEVERTNING             | 1 409    | 4 000   | 2 667           |
| 11200 ANNA FORBRUKSMATERIELL, TENESTER | 0        | 19 000  | 12 667          |
| 11205 GÅVER                            | 0        | 1 000   | 667             |
| 11400 ANNONSAR                         | 0        | 1 000   | 667             |
| 11402 BEVERTNING OG REPRESENTASJON     | 0        | 1 000   | 667             |
| 11500 OPPLÆRING, KURS, KONFERANSER     | 0        | 20 000  | 13 333          |
| 11601 KM-GODTGJERSLE, BIL              | 1 267    | 2 000   | 1 333           |
| 11653 KONSULENTHONORAR, LØNN           | 0        | 1 000   | 667             |
| 11700 REISEUTGIFTER ETTER REKNING      | 294      | 2 000   | 1 333           |
| 12700 KONSULENTTENESTER                | 18 000   | 0       | 0               |
| 13700 TENESTEKJØP FRÅ ANDRE            | 192 050  | 696 000 | 464 000         |
| 13750 KJØP FRÅ IKS DER KOMMUNE DELTEK  | 130 377  | 130 000 | 86 667          |
| 14290 MOMS GENERELL KOMP.ORDNING       | 52 513   | 0       | 0               |
| 17290 KOMPENSASJON FOR MERVERDIAVGIFT  | -52 513  | 0       | 0               |